



Veidekke Entreprenør AS
Avd. Volda

Postboks 347
N-6101 Volda

Telefon: 70 07 31 75
Telefaks: 70 07 31 76

Fakturaadresse:
Postboks 6005 Postterminalen
N-5892 Bergen
Foretaksregisteret:
NO 984 024 290 MVA

Tilsette, elevar, føresette og naboar til Volda VGS

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

HØs/ Orientering Volda VGS

19. august 2008

Volda VGS, ny orientering vedk. framdrift, helse, miljø- og tryggleik o.a.

Som De nok kjenner til frå media o.a., har Møre og Romsdal fylke (MR) tildelt Veidekke Entreprenør AS (VD) kontrakta med ombygging og oppgradering av store delar av eksisterande bygningsmasse på Volda VGS.

Kontraktsarbeida starta opp hausten 2007, og er delt i 3-tre byggesteg. Byggesteg 1 omfatta ny realfagavdeling, og vart ferdig i april 2008. Byggesteg 2 er no godt i gang, og skal ferdigstillast til nyttår 2008/-09. Byggesteg 3 skal i gang frå januar 2009, men noko av arbeida vil ta til alt hausten 2008, og verte ferdig til skulestart hausten 2009.

I samband med dette vil VD som totalentreprenør og hovudbedrift ha alt ansvar for utføring og samordning av helse, miljø- og tryggleiksarbeid.

Byggeplassen og område med pågåande kontraktsarbeid vil bli innegjerda og avstengd, men av erfaring veit vi at ei av utfordringane vil vere å halde publikum o.a. vekke frå byggeplassen. For å oppnå størst mogleg tryggleik er det difor naudsynt at besøkjande, elevar og tilsette ved Volda VGS ikkje oppheld seg på byggeplassen og i tilstøytande område med pågåande arbeid.

I samband med dei planlagde rivingsarbeida kan det bli noko støy, og dette gjeld særleg ved riving av tyngre betongkonstruksjonar. Slik riving/støy skal ein forsøke å halde utanfor normalskuletida, men noko støy kan det dessverre bli.

Vi ber om at all merking/skilting knytt til byggeplassen blir respektert. Ferdsel på/og nær ein byggeplass kan representere fare for skade, og det er dette vi mest av alt vil unngå.

I samband med skulestart hausten 2008 vil det bli gjeve orientering i eige møte med elevar og ansatte ved skulen. Om noko skulle vere uklart, eller om de har ytterlegare behov for informasjon står vi sjølvsagt til disposisjon.

Med vennleg helsing
Veidekke Entreprenør AS

Henning Østrem
Anleggsleiar